



## Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune  
Samferdselavdelinga  
Hordaland Fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Knut Djuve

Behandlende enhet: Region vest Saksbehandler/telefon: Knut Helge Olsen / 55516534 Vår referanse: 16/174297-2 Deres referanse: Vår dato: 25.11.2016

---

### Oppsetting av ny mur langs Lepsøyvegen

I møte i utval for miljø- og samferdsel i Hordaland fylkeskommune 15.01.2016 stilte representanten Gustav Bahus (FrP) stilte slikt spørsmål:

*"Til Statens vegvesen.*

*Lepsøyvegen i Os kommune er under utbetring. Parallelt med dette har Statens vegvesen støypt ny mur langs sida av deler av den "gamle" vegen (nær Kipsebu). Den nye "muren", "kanten" er til stort hinder og gjer det vanskeleg for tungtransport til og frå industrien i "Øyrane".*

*Kan Statens vegvesen svara på kvifor ein prioritærer dette når vegen skal leggjast om innan vinteren er over? Ber om skriftleg svar."*

Statens vegvesen ber om årsaking for at spørsmålet ikkje har vore svara ut tidligare. Grunnen er ei misforståing i kommunikasjonen med Hordaland fylkeskommune.

I plan- og byggeprogrammet 2015 for fylkesvegane i Hordaland (utanom Bergen) er utbetring av strekninga Fv. 158 Grindavoll – Lepsøy omtala. Utbygginga av heile strekninga på vel 3,5 km vil koste meir enn vedteken ramme. Strekninga må difor utbetrast stegvis.

I plan- og byggeprogrammet for 2016 vart det prioritert å bygge ut delstrekninga Grindavoll – Vågshaugen. Ved Kipsebu bygde vi nytt rekkverk i 2015. Denne strekninga har ikkje vore prioritert utbygd i byggeprogramma for 2015 og 2016.

Sikring av det låge rekkreret på denne strekninga er eit trafikksikringsprosjekt. Eksisterande veg var smal.

Tiltak mot ulukker kytt til utforkøyring er eit høgt prioritert tryggingstiltak i Hordaland.

Betongkanten som tidligare stod langs vegen var i svært dårlig forfatning og for låg etter dagens krav. Høgdeforskjellen frå veg og ned til terrenget langs veg er på ca. 5 m og gjer at det vil vera fare for alvorleg personskade ved utforkøyring. Mellom anna på grunn av kulverten for vatn som ligg under vegen.

Grunntilhøva på strekninga var også svært dårlige. Statens vegvesen har prioritert å støype eit høgare rekkreret på strekninga for å sikre vegen mot utforkøyningsulykker. I tillegg har vi sikra kulverten som ligg under vegen.

Med hilsen

Olav Finne  
Avdelingsdirektør vegavdeling Hordaland

Knut Helge Olsen  
Seniorrådgjevar vegavdeling Hordaland

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*

Likelydende brev sendt til  
Hordaland fylkeskommune – Samferdsleavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN  
Hordaland fylkeskommune, Samferdselavdelinga Hordaland Fylkeskommune Postboks 7900,  
5020 BERGEN